



TRONDHEIM KOMMUNE

TEKNISK AVDELING
GEOTEKNISK SEKSJON
VALØYA

7000 TRONDHEIM
TLF. (075) 37 130

NB!
NYTT TLF.NR.
(07) 93 71 30

Seksjon for vegvedlikehold
v/avd.ing. Tore Egseth
Holtermannsv. 1

7000 TRONDHEIM

DERES REF.

VÅR REF.
R 649/ER/LR

TRONDHEIM,
17.11.83

RAS I SVALEVEGEN VED NR 1

Den 7. nov. -83 fikk vår seksjon melding om at det hadde gått eit ras mellom Bøckmanns veg og Svalevegen sør for nr 1.

Ved synfaringa dagen etter vart det påvist at raset går heilt inntil Svalevegen og ein lyktstolpe på toppen av skråninga. Ved eventuell vidare utvikling av utglidninga vil både vegen og stolpen vere i fare. For å sikre ein forsvarlig reparasjon av skaden vart det bestemt å utføre ei enkel grunnundersøking.

Markarbeid og grunnforhold

Markarbeidet vart gjort den 14. nov. -83 under leing av boreformann Jakob Vårum. I eitt punkt ved foten av skråninga vart det utført dreieboring til 6 m under terrenget.

Borpunktet er plassert som vist på situasjonskartet i bilag 1. Resultata frå dreieboringa er framstilt på terrengprofilen i bilag 2.

Boringa tyder på at det i foten av skråninga er ca 2,5 m med fyllmasse over fast leire. Fyllmasselaget inneheld mellom anna ein del stor stein.

I skråninga opp mot Svalevegen er trulig massane i hovudsak leire. På grunn av store nedbørsmengder over lang tid har sannsynligvis det øvre leirlaget blitt oppbløytt og har dermed mista mye av den opprinnelige styrken.

Reparasjon av skadene

Den aktuelle skråninga vil kunne stabiliserast ved å legge ut ei støttefylling ned mot Bøckmanns veg som skissert på terrengprofilen i bilag 2. Ein vil på denne måten kunne slake ut skråninga noe og dermed stabilisere området.

Det er imidlertid viktig å fjerne humuslaget under støttefyllinga slik at det blir eit godt feste mot undergrunnen. I tillegg vil det vere ein fordel å drenere fyllinga ved hjelp av drensledning som skissert i bilag 2.

Etter at skråninga er stabilisert i foten kan ein fylle på noe masse og reparere skaden oppe ved Svalevegen.



Vi står fortsatt til tjeneste i det vidare arbeidet med saka.

Med helsing


Leif I. Finborud
Leif I. Finborud

Erling Romstad
Erling Romstad

Bilag 1: Situasjonsskart
Bilag 2: Terrengprofil



RAS I SVALEVEGEN VED NR. 1 SITUASJONSKART ● DREIEBORING	MÅLESTOKK: 1:1000
	TEGN. AV: K.T.
TRONDHEIM KOMMUNE GEOTEKNISK SEKSJON	DATO: 18.11..83
	KONTR.:
	RAPP. NR.: 649
	BILAG: 1



TRONDHEIM KOMMUNE
GEOTEKNISK SEKSJON

SVALEVEIEN

Profil med dreieborings-
resultater.

MÅLESTOKK

1 : 200

TEGNET AV

K.T.

RAPP NR.

649

DATO

15.11..83

BILAG

2